

VEDTEKTER

Venneforeining for vidaregåande skule i Lom

§ 1 Namn

Foreininga sitt namn er Venneforeining for vidaregåande skule i Lom.

§ 2 Formål

Foreininga sitt formål er å arbeide til fremme av eksistens og drift av vidaregåande skule i Lom.

Formålet skal oppnåast gjennom økonomisk og meiningsberande bidrag til Lom vgs, eller til folkevalt organ, organisasjon, selskap eller personar som arbeider for å fremje saka.

§ 3 Organisasjonsform

Foreininga er ein frittståande juridisk person med medlemmar, og er sjølveigande. At den er sjølveigande tyder at ingen, korkje medlemmar eller andre, har krav på foreininga si formue eller eidedelar, eller er ansvarleg for gjeld eller andre plikter. Foreininga er politisk uavhengig.

§ 4 Medlemskap

Foreininga er ope for alle.

Enkeltpersonar frå 16 år kan vere årsbetalande medlemmar. Medlemmar som ynskjer det, kan betale høgare årskontingent enn fastsett.

Alle medlemmer i foreininga har møte- og stemmerett på årsmøtet i Venneforeininga for Lom vgs.

Ved avstemmingar har møtande enkeltmedlemmar ei stemme og familiemedlemskap har ei stemme ved eitt medlem av familien.

Ingen person kan ha meir enn ei stemme. Fullmakter skal vere skriftleg og signert. Det er tillate med ei fullmakt per medlem.

§ 5 Rettar og plikter til medlemmar

Alle medlemmar har rett til å delta på årsmøte, har stemmerett og kan veljast til tillitsverv i foreininga. Medlemmar som skuldar kontingen for meir enn eitt år, har ikkje stemmerett eller andre rettar, og styret kan stryke dei som medlem av foreininga.

§ 6 Styret

Foreininga skal leiast av eit styre på maksimalt sju medlemmar og to varamedlemmar.

Alle styremedlemmane og to varamedlemmar til styret skal veljast av årsmøtet.

Varamedlemmar har møterett, men ikkje stemmerett i styremøte. Dersom varamedlemmar stiller som vikar for styremedlemmar i styremøte, har dei stemmerett.

Styret er høgaste myndighet mellom årsmøta. Styret skal halde møte når styreleiar eller eit fleirtal av styremedlemmane forlangar det. Styret har avgjerdsmynne når minst fem medlemmar er til stades. Ved stemmelikheit har styreleiaren dobbeltstemme. Styremøte kan gjennomførast digitalt. Styret vel sjølv nestleiar og oppnemner sjølv sekretær og kasserar.

Styret skal:

- setje i verk årsmøteføresegner.
- velje evt. komitéar, utval eller personar som skal gjere spesielle oppgåver, og utarbeide instruks for desse.
- administrere og føre nødvendig kontroll med foreininga sin økonomi etter gjeldande instruksar og føreseigner.
- representere foreininga.
- ta avgjerd om disponering og utdeling av midla til foreininga. Utdelingar skal øyremerkast det formålet dei skal dekke.

§ 7 Val - styreperiode

Styreleiaren skal veljast av årsmøtet for eitt år om gongen.

Årsmøtet vel kvart år to medlemmar til styret for ein toårsperiode, og to varamedlemmar skal veljast for eitt år.

Kvart år vel årsmøtet ein valkomité på tre medlemmar.

Ingen kan vere styremedlem / varamedlem meir enn seks år samanhengande.

§ 8 Signaturrett

Det er "styret i felleskap" eller styreleiari og eitt styremedlem i fellesskap som har signaturrett.

§ 9 Årsmøtet

Årsmøtet skal gjennomførast innan utgangen av mai og innkallast av styreleiari med minst fjorten dagars varsel. Forslag til saker til behandling på årsmøtet må vere kome til styret ei veke på førehand.

Årsmøtet sin dagsorden er:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.
2. Val av møteleiar, referent og to personar til å signere protokollen.
3. Årsmelding.
4. Rekneskap og revisjonsmelding.
5. Behandling av innsende forslag.
6. Fastsetje kontingent.
7. Val av styret sin leiar, to styremedlemmar og to varamedlemmar.
8. Val av revisor.
9. Val av medlemmar til valkomité.

Ekstraordinært årsmøte skal gjennomførast når styret eller minst 1/3 av foreininga sine medlemmar krev det.

§ 10 Årsmøtet si myndigkeit

Årsmøtet avgjer alle saker, med unntak av vedtektsendringar, med alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal er leiaren si stemme avgjerande.

Vedtektsendringar krev 2/3 fleirtal av medlemmar - fysisk, digitalt eller ved fullmakt.

Årsmøtet kan vere hybridmøte.

§ 11 Økonomi/rekneskap

Foreininga sitt reknekapsår startar 1. januar og sluttar 31. desember.

Rekneskapen skal innehalde resultatrekneskap og balanse og gjerast tilgjengeleg for medlemmane minst fjorten dagar før årsmøtet.

Rekneskapen med revisjonsmelding for siste rekneskapsår skal leggjast fram på årsmøtet for godkjenning.

§ 12 Opplysing

Framlegg om å løyse opp foreininga må leggjast fram minst ein månad før innkalling til årsmøtet. Eventuell oppløysing av foreininga skal vedtakast med minst 3/4 fleirtal av møtande medlemmar på årsmøtet, jfr. § 10.

Foreininga sin kapital og andre eidedelar skal kome ungdommen i Ottadalen til gode.